



Norge BankID blir utferda av Stø AS som er eigd av bankar i Noreg

## Avtale om Person BankID

Versjon 1.1, mai 2026

### 1. Om Stø AS som utferdar av BankID

Stø AS («Stø»), org.nr. 927 611 929, er utferdar av BankID til fysiske personar (Person BankID) og juridiske personar (Brukarstad BankID). Stø er eigd av bankar med verksemd i Noreg.

Som utferdar av BankID blir Stø regulert i samsvar med lov om [lov om elektroniske tillitstenester](#) med forskrifter som gjennomfører EU-forordning 910/2014 (eIDAS) i norsk rett.

### 2. Om BankID

BankID er ein elektronisk legitimasjon og signeringsløysing som blir utferda til deg som forbrukar. Du kan bruke BankID for pålogging i nettbankar og mobilbankar, for autentisering av betalningar, til å legitimere deg på offentlege og private nettstadar og til å signere avtalar digitalt.

BankID blir brukt med hjelp av BankID-app eller ei kodebrikke, fødselsnummeret ditt og personleg passord og/eller biometri i form av fingeravtrykk og/eller ansiktsattkjenning.

Det er berre du som fysisk person som skal bruke din BankID.

### 3. Om BankID-avtalen

Denne avtalen regulerer rettar, plikter og ansvar mellom deg som innehavar av BankID og Stø som formell utferdar av BankID. Les avtalen nøye og set deg godt inn i krava til feilsikring og vern av utstyret og personleg passord.

### 4. Banken gjev deg BankID

Stø har valt bankane i Noreg som medhjelparar i samband med utferding og forvaltning av BankID og kundesupport.

For å få BankID må du vende deg til ein bank. Bestillinga skjer ved fysisk oppmøte i banken eller hos ein annan privat eller offentlig organisasjon som banken har vist deg til. Du skal ha med deg og leggje fram pass eller nasjonalt ID-kort for kontroll av alder og identitet. Meir informasjon finn du på nettsidene til Stø; [Slik får du BankID](#).

Versjon 1.1, mai 2026



Besøksadresse  
Biskop Gunnerus gate 14 A  
0185 Oslo

Postadresse  
Postboks 9236 Grønland  
0134 Oslo

Org.nr.:  
NO 927 611 929 MVA



Viss du har spørsmål eller får problem med din BankID etter at han er aktivert og teken i bruk, skal du kontakte banken for assistanse. Du skal også melde frå til banken straks viss du oppdagar tryggleiksbot eller har mistanke om at din BankID er eller vil bli misbrukt av andre. Sjå om sperring av BankID i punkt 7.

Det er også banken du skal vende deg til viss du har mistanke om at smarttelefon med BankID-app, kodebrikka og/eller personleg passord har kome på avvegar eller nokon andre enn deg sjølv har teke kontroll over din BankID.

## 5. Tryggleik. Kontroll over BankID

**For at BankID skal vere ei trygg løysing for deg, er det viktig at du har kontroll over din BankID ved å verne det personlege passordet ditt og dei digitale einingane dine der du brukar BankID. Meld frå straks til banken viss du har mistanke om eller er usikker på om andre kan ha fått tilgang til din BankID.**

For å verne din BankID mot misbruk, skal du ta alle rimelege førehandsreglar for å verne ditt personlege passord, kodar, kodebrikke, smarttelefonen og andre digitale einingar som du har for å bruke BankID. Dette inneber for eksempel at:

- Du ikkje må gje frå deg BankID-passordet eller eingongskodar til nokon, heller ikkje familiemedlemmar, verjer, banken, BankID-utferdar eller politiet. Du må herunder ta alle rimelege førehandsreglar for at ingen andre kan sjå det personlege passordet ditt eller eingongskodar når du tastar dei inn.
- Du må oppbevare kodebrikka di på ein eigna stad, slik at ho ikkje ligg ope tilgjengeleg. Viss du har med deg kodebrikka utanfor heimen, må du sørge for at ho ikkje er tilgjengeleg for andre.
- Du må velje eit sterkt passord som ikkje blir brukt andre stader. Du finn råd om korleis du kan lage sterke passord på nettvett.no. Byt passord viss du er usikker på om andre kan passordet ditt.
- Du må hugse ditt BankID-passord. Om du likevel må skrive ned passordet ditt, skal det gjerast på ein slik måte at andre enn deg ikkje kan forstå kva passordet gjeld for. Passordet skal ikkje leggjast saman med kodebrikka eller anna utstyr og einingar.
- Du må bruke sunn skepsis når du brukar BankID-passord eller kodar, særleg viss du mottek lenkjer på e-post, SMS eller sosiale medium som krev at du tastar inn personleg passord og kodar. Ikkje skriv inn personleg passord eller kodar dersom du er usikker på nettsida eller om sendaren av lenkja verkeleg er den som ho gjev seg ut for å vere.

## 6. Melding ved mistanke om tryggleiksbot mv.

Du skal straks melde frå til den valde medhjelparen til utferdar som opplyst i punkt 4, viss du blir merksam på eller får mistanke om at:

Versjon 1.1, mai 2026



- andre – inkludert ektefelle/partnar eller andre familiemedlemmer – kjenner ditt BankID-passord,
- du har mista kodebrikka di,
- du har vorte fråstolen kodebrikka di,
- du har mista eller har vorte fråstolen smarttelefonen din med BankID-app eller anna utstyr du har for å bruke BankID, og/eller
- nokon har misbrukt din BankID.

Du vil ikkje bli belasta for kostnader ved utferding av ny BankID etter melding om tryggleiksbrøt eller tap av kodebrikke/smarttelefon, med mindre det ligg føre spesielle forhold på di side, t.d. gjentatte meldingar om tilsvarande forhold.

## 7. Sperring av BankID

Ved melding som nemnt i punkt 6, vil utferdar:

- sperre din BankID og
- skriftleg bekrefte overfor deg at meldinga er motteken og at din BankID er sperra.

Din BankID kan også bli sperra av utferdar når det ligg føre rimeleg grunn til å tru at:

- andre enn deg kan bruke din BankID,
- din BankID blir brukt av ein robot eller liknande programvare som utfører oppgåver automatisk eller tilnærma automatisk basert på din BankID,
- du ikkje har overhalde denne avtalen, eller
- du ikkje vil klare å overhalde denne avtalen.

Du vil bli varsla om sperringa. Du kan be om å få opplyst grunnen til sperringa og korleis sperringa kan opphevast ved å kontakte dei valde medhjelparane til Stø.

## 8. Ansvar

Viss du uaktsamt eller med vilje bryt vilkåra i denne avtalen, kan du bli halden ansvarleg for tap som blir påført Stø eller andre, herunder bankar og andre BankID-brukarstader.

Viss Stø eller dei valde medhjelparane til Stø uaktsamt eller med vilje bryt vilkåra i denne avtalen, kan Stø som utferdar av BankID bli halden ansvarleg for tap som blir påført deg, med mindre du har handla svikaktig. Stø er ikkje ansvarleg for økonomiske tap som oppstår ved bruk av BankID i samband med bestilling eller kjøp av varer og tenester eller anna form for digital kommunikasjon (autentisering/signering) med tredjepartar, som t.d. tilbydarar av finansielle tenester eller andre offentlege og private BankID-brukarstader.

## 9. Varigheit og opphøyr av avtalen

Kundeforholdet varer fram til ein av partane seier opp avtalen.

Versjon 1.1, mai 2026



Du kan når som helst seie opp avtalen om BankID utan noka nærare grunngjeving. Slik oppseiing kan gjerast ved melding til den valde medhjelparen til Stø som nemnt i punkt 4. Stø vil deretter sperre din BankID.

Stø kan avslutte avtaleforholdet når du ikkje lenger oppfyller vilkåra for å ha BankID.

Stø kan vidare seie opp avtaleforholdet dersom du misheld denne avtalen, mellom anna dersom du bryt plikta til å ta alle rimelege førehandsreglar for å verne dine personlege BankID-passord, kodar, utstyr, smarttelefonen og andre digitale einingar du har for å bruke BankID, og det er rimeleg grunn til å tru at tilsvarande mishald vil skje igjen.

Oppseiing frå Stø skal ha fire (4) vekers varsel og grunnen til oppseiinga skal opplysast. Stø kan med augeblikkeleg verknad heve avtalen ved vesentleg mishald frå di side eller dersom du har handla i strid med rimelegheit og god tru overfor Stø, banken din eller BankID-brukarstader. Som vesentleg mishald blir det også rekna dersom din BankID blir brukt av ein robot eller liknande programvare som utfører oppgåver automatisk eller tilnærma automatisk basert på din BankID. Grunnen til hevinga skal opplysast.

Ved oppseiing og heving av avtaleforholdet vil din BankID bli sperra umiddelbart, som skildra i punkt 7.

## 10. Prisar og prisinformasjon

For å sikre berekraftig og forsvarleg drift, forvaltning og vidareutvikling av BankID-tenesta vil Stø kunne innføre prising av BankID. Innføring av prising av BankID vil bli varsla på førehand som nemnt i punkt 12. Alle prisar går fram av prislista til Stø eller blir opplyst på annan eigna måte.

## 11. Behandling av personopplysningar

Stø er behandlingsansvarleg for personopplysningar som Stø behandlar ved utferding, fornying, bruk, ved varslingar og andre informasjonsutsendingar, sperring og tilbakekalling av BankID og ved utføring av gyldigheitskontroll og andre kontrollhandlingar, herunder for overvaking og avdekking av svindel, identitetskrenkingar og anna misbruk av BankID. Stø vil behandle opplysningane dine i samsvar med [personopplysningslova](#). For meir informasjon, sjå [www.bankid.no/privat/personvern-og-regler/](http://www.bankid.no/privat/personvern-og-regler/)

Banken din opptretr som databehandlar ved administrasjon og kundestøtte i samsvar med avtale med Stø.

Versjon 1.1, mai 2026



Besøksadresse  
Biskop Gunnerus gate 14 A  
0185 Oslo

Postadresse  
Postboks 9236 Grønland  
0134 Oslo

Org.nr.:  
NO 927 611 929 MVA



## 12. Endringer i avtalen

Denne avtalen kan ved to (2) vekers varsel endrast av Stø når Stø har legitime grunner til slike endringer. Dette omfattar endringer i prisar, endringer på grunn av endra funksjonalitet eller endringer som kjem som følgje av lov. Dersom endringa er til skade for deg, som innføring av prising av BankID eller eventuell seinare prisauke, vil Stø varsle om endringa og bakgrunnen for denne to (2) månader før endringa trer i kraft.

Dersom tryggleiksmessige forhold gjer det nødvendig, kan Stø utan førehandsvarsel avgrense bruksområdet for BankID og gjere andre endringer i tryggleiksprosedyrar eller liknande. Stø vil snarast mogleg etter endringa varsle deg om dette.

## 13. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist mellom deg og Stø som utferdar av BankID om forståinga eller rettsverknader av denne avtalen, skal partane først søkje å løyse tvisten gjennom dialog.

Dersom tvisten ikkje blir løyst gjennom dialog og tvisten gjeld utferding/kontrahering, fornying eller sperring/revokering av BankID, kan du bringe saka inn for Finansklagenemnda til fråsegn eller avgjerd.

For nærare informasjon om Finansklagenemnda, sjå [www.finkn.no](http://www.finkn.no).

Versjon 1.1, mai 2026



Besøksadresse  
Biskop Gunnerus gate 14 A  
0185 Oslo

Postadresse  
Postboks 9236 Grønland  
0134 Oslo

Org.nr.:  
NO 927 611 929 MVA